

## Høg vasstand i stille ver.

12.01.2017



Høg vasstand på Myklebust kai og Stølavikjo i dag.

Floa var på det høgst i 11.30 tida i dag. I stille og roleg ver er det ikkje meldt inn skader av noko slag, så langt Uskedalen.no kjenner til. Vasstanden har vore langt høgre før om åra. Tidlegare tilsynsmann i Båthamna, Gunnar Eik, fortel at tidleg på 1990 talet stod vatnet 15 cm over tredekket på kaien på moloen. Den verste stormen, Gunnar minnest, var i 1994.



[Slik såg det ut mellom hyttene på Rabben Feriesenter og Øyro Marina.](#)

Steinar Myklebust på Rabben Feriesenter kan stadfesta at floa har vore langt meir plagsam før. Frå oppveksten sin minnest han ein gong det kom sjøvatn inn i vasskjelda deira oppe ved gardshuset. Det var den same kjelda der skulen henta drikkevatn. Det var tidleg på hausten. Kyrne beita nede ved Granen. På heimturen gjekk dei vatn og djura tok nedi. Roleg ver med lite sjø berga situasjonen i dag. Pålandsvind med storm frå nord og nordvest ville truleg påført naust og gjernstandar i strandsona skader.



[Sjøen gjekk inn på moloen og kaien i Båthamna.](#)

VA avdelinga i Kvinnherad kommune hadde beredskap i Uskedalen i dag om noko uventa skule skje med kloakkavløpet. Det gjeld særleg avløpet frå Halsabrotet mot Beinavikjo og mot pumpestasjonen ved Uskedalen Brygge.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Fitjanaustet og hyttenausta i elvosen.